

## Sei nei til industri i Øksnesmarka og Åråsvågen

Med knapt fleirtal har kommunestyret i Austrheim gjort vedtak om leggja inn att industriområdet i Øksnesmarka i arealplanen. 1,5 km strandline blir bandlagt. Eit areal tilsvarande nesten 400 fotballbanar med vassdrag, store område med raudlista kystmyr og kystlynghei kan bli sprengd ut med uopprettelege inngrep. Øksnesmarka ligg inntil dei største bustadfelta i kommunen og har slik det allereie er tilrettelagt med turstiar, stort potensiale for friluftsliv og folkehelse. Myrane er lager for store mengder klimagassar. Lyngheia er viktig for naturmangfaldet og som beiteressurs for sau og geit. Her er mange kulturminne. Åråsvågen langsmed Øksnesmarka er kommunens viktigaste område for båtutfart og har gode fiske- og teineplassar og trålfelt for reke. I vågen ligg det største bustadfeltet i kommunen, med tilhøyrande båthamn. Her ligg og Kystbarnehagen og Kystlandsbyen, og det er planar om friluftshotell. Alle reklamerer med naturopplevingar knytte til Åråsvågen.

Vedtaket om industri i Øksnesmarka og Åråsvågen er i strid med samfunnsdelen i kommuneplanen. Den seier at vidare satsing på industri skal skje rundt Mongstad, der store næringsareal er tilrettelagte, og at området inst i Åråsvågen skal utviklast for bustader og tenesteyting. Vedtaket er i strid med visjonen om opne landskap og måla for friluftsliv, folkehelse, naturmangfald og landbruk. I endå større grad er vedtaket i strid med rikspolitiske retningslinjer for god planlegging av bustadområde. Rådmannen har rådd til å gjera industriområdet om til LNF. Hordaland fylkeskommune argumenterer for det same.

Arealdelen skal ut på ny høyring. Før det, krev årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland ei fyldestgjerrande konsekvensvurdering og at kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova vert stetta gjennom grundig kartlegging av det biologiske mangfaldet i Øksnesmarka. Marka er pr. i dag ikkje godt nok kartlagd. Sommaren 2016 blei t.d. den sterkt trua sommarfuglen breibandpraktviklar registrert i Øksnesmarka og lagt inn i Artsdatabanken. Sommarfuglen er knytt til kystlynghei og kusymre. Øksnesmarka er ein av berre tre lokalitetar på Vestlandet der han er registrert. Det er potensiale for å finna fleire slike trua artar og naturtypar. M.a. er ikkje den raudlista kystlyngheia i Øksnesmarka kartlagd eller registrert. Heller ikkje store område med djup kystmyr.

Årsmøtet i Naturvernforbundet Nordhordland oppmodar dei politiske partia i Austrheim og høyringsinstansane elles å vera tru mot visjonane og måla i samfunnsdelen og seia nei til øydeleggjande industri i Øksnesmarka og Åråsvågen. Det er god og framtidretta planlegging å gjera området om til landbruks-, natur- og friområde slik rådmannen har gjort framlegg om. På den måten blir Austrheim ein attraktiv kommune å bu i med arbeidsplassar på Mongstad og eit triveleg bu- og oppvekstmiljø med naturkvalitetar utan storindustri i kommunen elles. Sei difor nei til industri i Øksnesmarka og Åråsvågen og ja til arealbruk som tek omsyn til landskap, klima, naturmangfald, kulturminne, friluftsliv og folkehelse.

*Fråsegna går til dei politiske partia i Austrheim, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune*